

## Fellesnemnda, Nye Vestland fylkeskommune

18.6.2019

### Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 4/19

I dette fjerde arbeidsdokumentet til fellesnemnda, i rolla som finansutval, har prosjektleiar fokus på følgjande områder:

- Framlegg til kommuneproposisjon 2020;
  - o nytt inntektssystem
  - o nye oppgåver
  - o særskilt om overføring av fylkesvegadministrasjon/ fylkesvegdelen av sams vegadministrasjon
  - o oppfølging av arbeidsdokument 3/19
- Andre fellesinntekter/-utgifter
  - o konsesjonskraft
  - o kapitalinntekter og - utgifter
- Rammejusteringar
- Eksterne søknadar
- Sektorammer
- Saldering av budsjett og økonomiplan

#### 1 KOMMUNEPROPOSISJONEN – ØKONOMISKE VERKNADAR

Regjeringa la 14. mai 2019 fram Kommuneproposisjonen 2020 (Prop. 113S (2018–2019)). I dei årlege kommuneproposisjonane varslar regjeringa kva utvikling ein kan rekna med i kommunesektoren sine frie inntekter. Frie inntekter er samansett av skatteinntekter og rammetilskot og er den langt viktigaste inntektskjelda for fylkeskommunane si drift – om lag 75% av driftsinntektene kjem frå dei frie inntektene.

For 2020 legg regjeringa opp til ein vekst på mellom 1 og 2 mrd. kr for kommunesektoren samla. For fylkeskommunane er det varsla ein realvekst i intervallet -0,2 mrd. kr til 0,1 mrd. kr. Kommuneproposisjonen legg med andre ord ikkje opp til nokon vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane. Dette vert i så fall andre året på rad utan inntektsvekst. Regjeringa grunngjev at det er lagt opp til nullvekst for fylkeskommunane med nedgang i utgifter som følgje av demografi og venta nedgang i pensjonskostnadane.

I Kommuneproposisjonen 2020 presenterer også regjeringa forslag til nytt inntektssystem som følgje av at det frå 2020 vert elleve fylkeskommunar i landet mot tidlegare 19. Prosjektleiar kjem nærare inn på dette nedanfor, men vil peike på at det i regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem m.a. ikkje er teke omsyn til klimaomlegginga av drifta. Det er heller ikkje teke omsyn til at både regjeringa og Stortinget valde å innføre ei eiga tapskompensasjonsordning med det systemet som kom i 2015.

I tidlegare arbeidsdokument til Fellesnemnda er det peika på ei salderingsutfordring i storleiken opp mot 400 mill. kr i 2020. Regjeringa sitt opplegg i Kommuneproposisjonen om kva inntektsvekst ein kan leggje til grunn, betrar ikkje på denne situasjonen. Prosjektleiar konstaterer dermed at det ikkje er lagt inn noko økonomisk drahjelp ved oppstarten av regionreforma og dei nye fylkeskommunane.

## Nytt inntektssystem

Rammetilskotet vert i utgangspunktet fordelt med eit likt tilskot per innbyggjar. Men som følge av ulik geografi, folkesamansetnad etc. varierer kostnadsbehovet mellom fylkeskommunane. Gjennom inntektssystemet vert det gjort ei omfordeling som er meint å kompensere for ulikskapane i kostnadsbehov. Målet er at alle fylkeskommunane skal kunne gje eit likeverdig tilbod til innbyggjarane.

Det er viktig å ha klart for seg at inntektssystemet berre er ein metode til å fordele ein gitt sum mellom fylkeskommunane. Justeringar i kriteria eller kostnadsvekter, som skal gje meir til Vestland fylkeskommune, må nødvendigvis gje mindre til andre fylkeskommunar. Det er dermed ikkje råd å løyse alle utfordringane fylkeskommunane står overfor gjennom endringar i inntektssystemet.

Eit problem med det gamle inntektssystemet var at det ikkje var samanslåingsnøytralt. T.d. ville kriteriet «Innbyggjarar per km offentlig veg» ha gitt ein vinst til fylkeskommunar som ikkje slo seg saman, og størst tap til dei som fekk størst auke i folketalet. Dette kriteriet er teke ut av forslaget til nytt inntektssystem. Kriteriet er erstatta av eit nytt: «Sysselsette etter arbeidsstad».

I delkostnadsnøkkelen for fylkesveg vert «Motiv-modellen», som Statens vegvesen nyttar, tillagt større vekt.

I delkostnadsnøkkelen for opplæring er det teke inn eit nytt kriterium for «Søkjarar til læreplass».

Vestland fylkeskommune kjem relativt godt ut i forslaget til ny kostnadsnøkkel. Fordelingsverknaden er rekna til +101,2 mill. kr.

Det negative er at Vestland taper 106,8 mill. kr på at kompensasjonen Sogn og Fjordane fekk etter omlegginga av inntektssystemet i 2015, no vert foreslått omfordelt til fylkeskommunane som taper mest på den nye omlegginga.

Regjeringa foreslår også at nokre tilskot med særskilt fordeling (tabell C-saker) vert innlemma i det «ordinære» inntektssystemet. Dette gjeld m.a. det særskilte tilskotet til båt- og ferjesektoren. I tillegg er det forslag om å ta inn tilskot som tidlegare var øymerka på lista over saker med særskilt fordeling. Dette gjeld m.a. tilskot til rassikring av fylkesvegar og overføring som følge av endringane for sams vegadministrasjon. Begge desse vil kunne bli svært viktige for Vestland fylkeskommune.

Tabellen under viser korleis kvar av fylkeskommunane kjem ut etter det nye inntektssystemet.

	Fordelingsverknad ny nøkkel	Dagens komp.	Ny komp.	Samla verknad
Viken	-137,4	-10,8	90,8	-57,5
Oslo	-21,1			-21,1
Innlandet	-25,7	-36,7	43,7	-18,7
Vestfold og Telemark	-102,2	-9,3	91,0	-20,5
Agder	-124,2		109,6	-14,6
Rogaland	49,0			49,0
Vestland	101,2	-106,8		-5,6
Møre og Romsdal	12,4			12,4
Trøndelag	32,6	-40,8		-8,2
Nordland	116,3	-106,1		10,2
Troms og Finnmark	99,2	-24,6		74,6
Sum	0	-335	335	0

Det er lagt opp til ei overgangsordning over 4 år. For Vestland fylkeskommune medfører dette at nedgangen første året vert 1,4 mill. kr. (5,6 / 4).

Før statsbudsjettet vert lagt fram, vil modellen bli oppdatert med m.a. nye folketal. Dette kan medføre at utslaga vert noko endra i høve til det som er vist i tabellen. Prosjektlear har ut frå dette ikkje tilrådd at verknaden ein no ser av Kommuneposisjonen vert innarbeidd.

Prosjektleiari kan elles opplyse om at dei to fylkeskommunane har ulik tilnærming i økonomiplanane til kor vidt midlar til oppfølging av tunnelsikkerheitsforskrifta vert vidareført i 2020. I Hordaland sin økonomiplan er dette lagt til grunn, i økonomiplanen for Sogn og Fjordane er dette tilskotet teke ut. Ein finn ikkje klare haldepunkt i Kommuneproposisjonen for dette.

### Nye oppgåver til fylkeskommunane

Kommuneproposisjonen inneheld også status for arbeidet med å følgje opp regionreforma. Stortinget har i to omgangar gjort vedtak om regionreforma, ref. Meld. St. 6 (2018–2019) og Prop. 84 S (2016–2017). Regjeringa nemner i kommuneproposisjonen kva oppgåver som skal overførast frå 2020. Det gjeld oppgåver innanfor områda:

- Kompetanse og integrering
- Folkehelse
- Klima og miljø
- Samferdsel og kommunikasjon m.a. fiskerihamner og fylkesvegadministrasjon
- Næringsutvikling og landbruk

Dei økonomiske verknadene av oppgaveoverføringane kjem ein attende til i statsbudsjettet for 2020.

I tillegg er det nemnt oppgåver i Kommuneproposisjonen som ikkje er ferdig utgreidde eller krev noko meir tid. Dette gjeld:

- Kjøp av innanlandske flyruter
- Tilskot til ikkje-statlege lufthamner
- Tilskot til utvida TT-ordning
- Kulturoppgåver
- Utvida og meir heilheitleg fylkeskommunalt ansvar for tilrettelgging og forsterka opplæring for alle i alderen 16 til 24 år
- Spesialpedagogisk støtte til barn
- Midlar i program for folkehelsearbeidet i kommunane
- Minoritetsrådgjevarordninga
- Ytterlegare næringspolitiske oppgåver
- Ei sterkare kompeansepolitisk rolle
- Bufetat sine oppgåver i barnevernet

### Særskilt om overføring av fylkesvegadministrasjon/fylkesvegdelene av sams vegadministrasjon

I Kommuneproposisjonen er det lagt opp til overføring av om lag 1 850 stillingar til fylkeskommunane samla. Opplegget er at fylkeskommunane skal få overført budsjettmidlar til det talet på tilsette som faktisk vert overført frå Statens vegvesen, og der Statens vegvesen dekkjer lønskostnader m.v. i dag.

Det er lagt opp til at overføringa av tilsette skal skje gjennom dialog og avtale mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane.

### Oppfølging av arbeidsdokument 3/19 – handsama i Fellesnemnda 23.05.19

I samband med handsaming av arbeidsdokument 3/19 vedtok Fellesnemnda som finansutval m.a. følgjande:

«Fellesnemnda tek prosjektleiar sin presentasjon om kommuneproposisjonen til orientering. Det må arbeidast vidare politisk med å få auke inntektsrammene, mellom anna med å få dekkja auka kostnader med miljøvennlige ferjer, hurtigbåtar og el-bussar og innretning på tapskompensasjonsordninga. Det same gjeld det økonomiske forholda knytt til overføring av fylkesvegadministrasjon frå Statens Vegvesen til fylkeskommunane.»

Med bakgrunn i dette vedtaket sende fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland, på vegner av fellesnemnda, brev til Kommunal- og forvaltningskomiteen i Stortinget. Brevet ligg ved arbeidsdokumentet.

I brevet er det peika på den manglande inntektsveksten i dei frie inntektene til fylkeskommunane, kostnadsauken som følgje av det grønne skiftet ein står overfor i kollektivsektoren, manglar ved overføringsmodellen for sams vegadministrasjon, og endeleg er det peika på det urimelege i at tapkompensasjonen forsvinn fullt ut.

### Tilråding

Fellesnemnda tek prosjektleiar si orientering om Kommuneproposisjonen for 2020 til vitande.

Fellesnemnda legg, ut frå signala i Kommuneproposisjonen til grunn at budsjettet for 2020 og økonomiplanen for åra 2020-2023 vert utarbeidd utan vekst i dei frie inntektene.

## **2 ANDRE FELLESINTEKTER/UTGIFTER**

### **2.1 KONSESJONSKRAFT**

Vestland fylkeskommune vil vera ein stor aktør innan konsesjonskraft. Samla har fylkeskommunen omlag 770 Gwh til disposisjon i 2019. Fylkeskommunen sin rett til konsesjonskraft er sekundær – kommunane har den primære retten til konsesjonskrafta avgrensa av det alminnelege forbruket i kommunen. Det er såleis ein viss risiko med omsyn til kor mykje konsesjonskraft fylkeskommunen har rett på i 2020 og åra framover.

Sjølv om det er mykje likt i dei to fylkeskommunane i korleis ein handterer konsesjonskrafta, er det også nokre ulikheiter. Begge fylka har engasjert eksterne forvaltarar til omsetjinga av konsesjonskrafta.

Til grunn for forvaltninga ligg sikringsstrategi for sal av konsesjonskraft for Sogn og Fjordane fylkeskommune (sist revidert FT sak 37/17) og instruks for forvaltning av konsesjonskrafta for Hordaland fylkeskommune.

Hovudelementa i strategiane er mykje det same.

- 3 års sikringshorisont
  - Sogn og Fjordane rullerande pr kvartal – etter ordre
  - Hordaland – gradvis pr dag – etter fullmakt
- Høg grad av sikring ved inngangen til budsjettåret
  - Sogn og Fjordane 80%
  - Hordaland 60%
- Handel
  - Sogn og Fjordane etter ordre
  - Hordaland etter fullmakt
- Valutasikring parallelt med sikringshandel

Inntektene frå konsesjonskraftomsetjinga kan svinga mykje på kort varsel. Som ein «ekstra sikkerheit» har Sogn og Fjordane fylkeskommune, i tillegg sikringsstrategien, innført eit inntektstak på kor mykje inntekter frå konsesjonskraftomsetjinga som kan nyttast i drifta. Meir-/mindreinntekter i høve «inntektstaket» vert saldert mot eit eige disposisjonsfond, kalla «bufferfond».

#### Sikringsstrategi/Forvaltar

Ein er no i sluttspurten med anbodskonkurransen på val av forvaltar frå og med 2020. Anbudet vert lagt ut medio juni. Forvaltar vil vere på plass medio september og prosjektleiar vil i samråd med forvaltar utarbeida forslag til risikostrategi for konsesjonskraftforvaltninga i Vestland fylkeskommune. Risikostrategien vil bli lagt fram for Vestland fylkesting til møte i desember 2019.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune vil følgja sine respektive sikringsstrategiar ut året. Posisjonane for åra 2020 - 2022 vil bli overteke av Vestland fylkeskommunen pr 01.01.2020.

#### ØP 2020 – 2023

Slik dei økonomiske utfordringane for Vestland fylkeskommune ser ut dei næraste åra kan prosjektleiar vanskeleg sjå at det let seg gjere å vidareføre regime med inntektstak for Vestland fylkeskommune i komande økonomiplanperiode.

Prognose for marknadsprisane utover i planperioden er noko lægre enn for 2019/2020. Men det er fortsatt slik at marknaden «underprisar» utover i planperioden i høve forvaltarane sine prognosar. Utifrå forsiktigheitsprinsippet rår prosjektleiar til at ein legg marknadsprisane til grunn for ny prognose for Budsjett 2020/ØP 2020/2023. Etter prosjektleiar sitt syn ligg det difor ei «oppside» i prognosen for åra 2021 – 2023.

Basert på prognosar/prisar pr mai 2019 for åra 2020-2023 og utan bruk av «inntektstak» kan følgende tabell setjast opp for nettoinntekt for omsetjing av konsesjonskraft.

I mill.kr.	2019	2020	2021	2022	2023
ØP 2020/2023 Sogn og Fj. fylkeskommune	70	60	60	62	62
Sogn og Fj. fylkeskommune - avsett fond	-20	-10	-10	-12	-12
ØP 2020/2023 Hordaland fylkeskommune	92	92	92	92	92
<b>ØP 2020/2023 S og Fj f.k. og Hord. f.k.</b>	<b>142</b>	<b>142</b>	<b>142</b>	<b>142</b>	<b>142</b>
a-dok 4/19 prognose Sogn & Fj. fylkeskommune	50	77	72	67	67
a-dok 4/19 prognose Hordaland fylkeskommune	92	105	100	100	100
<b>a-dok 4/19 Prognose Vestland fylkeskommune</b>	<b>142</b>	<b>182</b>	<b>172</b>	<b>167</b>	<b>167</b>
<b>Endring</b>		<b>+ 40</b>	<b>+ 30</b>	<b>+ 25</b>	<b>+ 25</b>

År 2023 er sett lik år 2022

#### Tilråding

Fellesnemnda legg ny prognose for konsesjonskraftinntekter til grunn i budsjettet for 2020/økonomiplan 2021-2023.

## 2.2 KAPITALINNTEKTER OG - UTGIFTER

Dei to fylkeskommunane har hatt ulike metodar for utrekning av kapitalkostandane. Prosjektleiar har i denne omgangen nytta deler av dei to fylka sine utrekningsmetodar for å få overslag som skal nyttast i budsjett- og økonomiplanarbeidet. Prosjektleiar vil kome attende til berekningsmetode som skal nyttast for Vestland fylkeskommune.

Føresetnadane for renteinntektene vil bli basert på marknaden sine forventingar til 3 mnd. nibor pluss Vestland fylkeskommune si margin på bankinnskott. Føresetnadane knytt til lånerenta vil bli basert på følgjande komponentar:

- Marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor i perioden
- Vestland fylkeskommune sine fastrenter/rentesikringar
- Forventingar om marginar på eksisterande lån og planlagde låneoptak

Den årlege rentesatsen vert såleis eit snitt av kva vi må betale i renter på låna våre inkl. rentesikringar.

Renteføresetnadar som vert lagt til grunn i budsjett 2020/økonomiplan 2020-23 er vist i tabellen under:

	2020	2021	2022	2023
Lånerente	2,23 %	2,18 %	2,15 %	2,13 %
Innskotsrente	2,26 %	2,23 %	2,21 %	2,18 %

#### Renteinntekter

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet og rentenivået på innskot i året. Likviditeten vert m.a. påverka av fylkeskommunen sitt driftsresultat, fondsmidlar og kor mykje lånemidlar som til ei kvar tid står på konto.

Den samla snittlikviditeten som vert lagt til grunn for budsjettet til Vestland fylkeskommune i økonomiplanperioden er:

	2020	2021	2022	2023
Snittlikviditet	2 550	2 150	1 550	1 450

I tillegg har HFK utlån til dei fylkeskommunale selskapa HFK Bussanlegg AS og Bybanen AS på til saman 250 mill. kr som fylkeskommunen årleg får renteinntekter på i samsvar med utlånsavtale.

Med renteføresetnadane, forventta snittlikviditet og renter på utlån som er presentert ovenfor vert ny prognose på renteinntektene og endring i høve gjeldane budsjett/øk.plan vist i tabellen under:

	2020	2021	2022	2023
Ordinære renteinntekter, jf. gjeldande økplan	34,2	40,3	41,4	41,4
Ordinære renteinntekter, jf. nye føresetnadar	65,8	56,0	42,3	39,6
<b>Sum endring</b>	<b>31,6</b>	<b>15,7</b>	<b>0,9</b>	<b>-1,8</b>

Auken i renteinntektene skuldast at renteinntekter som SFFK i sitt budsjett har avsett til fond no vert teke inn i budsjettet som følgje av den utfordrande økonomiske situasjonen til VLFK. Vidare gir oppdaterte renteføresetnader ein motsett effekt, og dette får størst utslag i dei siste åra i planperioden.

#### Rentekompensasjon

Om ein legg til grunn at rentekompensasjon følgjer marknaden sine forventingar til 3 mnd. Nibor, vil inntektene bli om lag slik:

	2020	2021	2022	2023
Rentekompensasjon, jf. gjeldande økplan	49,0	53,5	48,7	48,7
Rentekompensasjon, jf. nye føresetnadar	45,9	42,0	37,9	33,6
<b>Sum endring</b>	<b>-3,1</b>	<b>-11,5</b>	<b>-10,8</b>	<b>-15,1</b>

#### Kapitalutgifter

Når det gjeld låneopptak, har ein i samsvar med arbeidsdokument 3/19, lagt til grunn at 335 mill. kr kan utsetjast frå 2020 til 2021. I tillegg har ein teke høgde for låneopptak til nytt fylkeshus i Bergen. Dermed går budsjettet låneopptak noko ned i 2020, men aukar kraftig i 2021 og 2022.

Investeringar og låneopptak ligg på eit svært høgt nivå, særleg i 2021-2022. Vestland fylkeskommune vil starte i 2020 med ei lånegjeld på ca. 13,7 mrd. kr. Gjelda vil auke med om lag 5 mrd. kr fram til utgangen av 2023. Netto gjeldsgrad er då venta å ha passert 125 %.

Hordaland fylkeskommune har dei seinare åra trappa opp avdraga monaleg. Dette har vore eit viktig tiltak for å bremse gjeldsveksten. For å greie å saldere budsjettet i 2020, ser prosjektleiar det nødvendig å foreslå reduksjon i avdraga. Det vert gjort framlegg om å redusere avdraga med om lag 100 mill. kr i høve til det som låg inne i økonomiplanane for dei to fylkeskommunane.

Når det gjeld utviklinga i avdrag vidare i økonomiplanperioden, har prosjektleiar lagt til grunn at nye lån skal nedbetalast over 30 år. Avdragsbetalinga startar året etter at låna er tekne opp.

Prognosen på renteutgifter avheng av storleiken på lånegjelda til fylkeskommunen og rentesats. Rentesatsen som vert lagt til grunn går fram av tabell innleiingsvis i dette kapitlet og gjev ein monaleg innsparing i renteutgiftene i åra framover.

	2020	2021	2022	2023
Renteutgifter, jf gjeldande økplan	338,8	400,9	454,0	454,0
Renteutgifter, jf nye føresetnader	314,3	332,9	365,0	389,3
<b>Sum endring</b>	<b>-24,5</b>	<b>-68,0</b>	<b>-89,0</b>	<b>-64,7</b>

#### Tilråding

Fellesnemnda ber prosjektleiar innarbeide nye føresetnader for kapitalkostnadane i budsjett og økonomiplanen.

### 3 RAMMEJUSTERINGAR

#### Rekneskapsresultat 2018

I arbeidsdokument 2/19, pkt. 3 har prosjektleiar sagt at det vil bli starta opp eit arbeid med å vurdere om rekneskapsresultatet for 2018 i dei to fylkeskommunane er av ein slik karakter at det gjev grunnlag for ev. rammejusteringar. Prosjektleiar har hatt ei overordna tilnærming til dette arbeidet, og konklusjonen er at rekneskapsresultatet ikkje gjev grunnlag for varige rammejusteringar.

#### Politiske vedtak

Dei to fylkestinga har i følgjande saker gjort vedtak som har økonomiske konsekvensar for økonomiplanen til Vestland fylkeskommune. Vidare er det gjort vedtak nokre saker der dei økonomiske konsekvensane kjem etter økonomiplanperioden:

#### **SFFK**

FT-sak 53/18 *Etablering av «Nynorskhus» i Sogn og Fjordane – søknad om auka driftsstøtte frå Sogn og Fjordane teater* – Sogn og Fjordane teater har fått løyve til å inngå ein intensjonsavtale om å bli leigetakar i eit ev. nynorskens hus. Dette kan gje ein auke i driftstilskot med 1,35 mill. kr årleg frå 2022.

FT-sak 9/19 *Kollektiv – Rabatt for lærlingar* - skal inngå i arbeidet med harmonisering av takstar og rabattar i Vestland fylkeskommune.

FT-sak 10/19 *Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022* / FT-sak 26/19 *Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022 – ekstra utgreiing* – Nytt båtanbod med heilårseffekt i 2023, beløp ikkje kjent enno.

FT-sak 13/19 *Oppfølging av FT-sak 25/16 Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur* /

FT-sak 23/19 *Oppfølging av FT-sak 25/16 – Arealbehov ved tannklinikane i Florø og Sogndal* – auka husleigeutgifter må påreknast for tannklinikken i Florø, beløp ikkje kjent enno.

FT-sak 15/19 *Utbygging Sogndal vgs. avd. Kaupanger med utleigedel* – Saka er ei stadfesting av tidlegare vedtak frå desember 2018. Saka omhandlar kostnadsramme og avtale med leigetakar.

FT-sak 16/19 *Nytt opplærings- og kompetansesenter Førde* – Saka er ei stadfesting av tidlegare vedtak frå desember 2018. Saka omhandlar kostnadsramme, avtale om sal av Hafstad vgs samt at Fagskulen i Førde ikkje vert ein del av dette prosjektet.

FT-sak 21/19 *Mobbeombod for barnehage og grunnskule – forlenging av ordninga* – kostnadar knytt til mobbeombodet i 2020, om lag 1 mill. kr. Det er føresett at noko av kostnaden vert dekkja av statstilskot på tilsvarande måte som for 2019.

FT-sak 22/19 *Vitensenter - fylkeskommunal bruk* – driftsavtale i 3 år med ein årleg kostnad på 0,5 mill. kr.

FT-sak 24/19 *Fv. 303 Seimdsdalstunnelen – kostnadsoverslag* – Auka kostnadsoverslag gjev auka låneopptak med tilhøyrande kapitalutgifter.

FT-sak 35/19 *Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – fordeling av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS på kommunane* – Oppfølging av intensjonsplanen om samanslåinga mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Mindre utbytte som følgje av redusert aksjepost.

## HFK

FT-sak 34/19 *Nytt Fylkeshus – eigarskap og byggestart*. Den totale investeringa for nytt fylkeshus er berekna til 910 mill. kr. Investeringa er berekna til å fordele seg slik; 38 mill. kr i 2019, 200 mill. kr i 2020, 340 mill. kr i 2021, 300 mill. kr 2022 og 32 mill. kr i 2023. Det er lagt til grunn inntekter frå utleige av deler av fylkeshuset.

### Tilråding

Fellesnemnda ber prosjektleiar ta omsyn til desse sakene i det vidare budsjettarbeidet.

## 4 EKSTERNE SØKNADER

Fylkeskommunane er som regionale utviklingsaktørar avhengig av eit aktivt samspel med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i form av søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.

I tillegg kjem søknadar om driftsstøtte for 2020 på kultursektoren. Der gjekk søknadsfristen ut 1. april 2019. Desse søknadane vert ikkje lista opp her men vert handsama og eventuelt prioritert innfor sektoren kultur, idrett og integrering si ramme.

Prosjektleiar vil elles oversende søknader ein mottek til relevant sektor/avdeling og søknadane vert handsama som del av det vidare budsjettarbeidet.

### Tilråding

Søknadar om finansiell medverknad i økonomiplanperioden 2020-2023 frå eksterne aktørar vert handsama og eventuelt prioritert innanfor dei sektorrammene som vert gitt i dette arbeidsdokumentet.

## 5 SEKTORRAMMER

Prosjektleiar har tidlegare orientert om den utfordrande økonomiske situasjonen for Vestland fylkeskommune. Dette gjeld spesielt som følgje av nye avtaler for ferjedrift og nye avtaler for bussdrift. Dette kjem fram av tabell under som syner alle sektorane sine nedtrekk. Det er etter prosjektleiar si vurdering naudsynt å gjere kutt-tiltak i den fylkeskommunale drifta på sektornivå for å kunne balansere budsjettet i økonomiplanperioden.

Prosjektleiar meiner at på kort sikt er det ikkje potensiale i rammene for å ta store nok kutt til å løyse heile salderingsutfordringa. Dette har sin bakgrunn i at ein stor del av driftsutgiftene er bunde opp i kontraktar, strukturar og avtaler. På lenger sikt er det større potensiale for å kunne gjere justeringar på desse områda. Det er difor gjort ei vurdering på kva som kan takast ned på kort sikt og som vil vere forsvarlege kutt i dette perspektivet. Det vert ut frå dette tilrådd at 100 mill. kr vert sett som ei samla ramme for innsparingar på sektornivået i 2020.

Vidare er det gjort ei vurdering av korleis innsparingskravet på 100 mill. kr skal fordelast på dei ulike sektorane. Det er teke utgangspunkt i sektorrammene, og prosjektleiar legg opp til at alle delar av drifta må



bidra for å kome fram til eit budsjett i balanse. Ut frå den oversikta prosjektleiar har no vert det tilrådd at innsparingstiltaka vert fordelt prosentvis etter storleiken på sektorbudsjetta i denne omgangen. Nedtrekket på 100 mill. kr utgjer om lag 1,2 % av det samla driftsbudsjettet til Vestland fylkeskommune.

I den prosentvise fordelinga er det teke utgangspunkt i brutto driftsbudsjett. Prosjektleiar meiner at dette nivået gjev det beste utgangspunktet, då nokre sektorar har høgare utgiftsnivå, samt inntekter som kan påverke netto driftsbudsjett. Bruttonivået er vidare justert for inntekter fylkeskommunen kan påverke sjølv. Det vil seie at KMD-midlar, spelemidlar og andre sektorinntekter som ikkje kan påverkast, er haldne utanfor. Bakgrunnen for dette er at ein reduksjon i tildelingar til idrettsanlegg med finansiering ved hjelp av spelemidlar ikkje vil gje hjelp i salderinga av budsjettet. Med desse justeringane er dei ein skilde sektorane sine budsjettammer redusert med frå 0,5 % til 1,7 %. Eit kutt på sektorane i denne storleiksorden meiner prosjektleiar er mogleg å gjennomføre.

Prosjektleiar tilrår følgjande innsparingskrav på dei enkelte sektorrammene:

Sektor	Innsparingskrav i 2020
Organisasjon, økonomi og politisk styring	7 000
Strategi og digitalisering	1 000
Tannhelse	5 000
Kultur, idrett og integrering	3 000
Infrastruktur og veg	6 000
Mobilitet og kollektiv	41 000
Innovasjon og næringsutvikling	1 000
Opplæring og kompetanse	36 000
Totalt	100 000

Utifrå dei tilrådde reduksjonane vert justerte sektorrammer slik:

	1000 kr Budsjett 2020
Organisasjon, økonomi og politisk styring	689 206
Strategi og digitalisering	136 214
Tannhelse	263 674
Kultur, idrett og integrering	282 431
Infrastruktur og veg	1 018 456
Mobilitet og kollektiv	2 433 618
Innovasjon og næringsutvikling	113 113
Opplæring og kompetanse	3 383 506
Alle sektorar	8 320 218

#### Vidare prosess – arbeid med innsparingskrav

Prosjektleiar får i oppdrag å sette i gong ein prosess mot avdelingane for å legge fram eit spesifisert budsjett for 2020 på løyvingnivå, jf. vedlegg. Dette vert presentert for fellesnemnda i neste arbeidsdokument. Innsparingskrava må då konkretiserast i det spesifiserte budsjettet frå sektorane. Fellesnemnda vil få førelagt ei liste over innsparingstiltak per sektor samt kva som vil vere konsekvensane for tenestetilbodet med å gjennomføre desse tiltaka. Det skal også gjerast greie for om innsparingstiltak er varige, dvs. om dei kan vidareførast for alle år i økonomiplanen, eller om dei berre gjeld for 2020.

Prosjektleiar har no fokus på å løyse dei økonomiske utfordringane for Vestland fylkeskommune på kort sikt. Det er likevel viktig å nemne at den økonomiske utfordringa gjeld for alle år i økonomiplanperioden, og

er aukande. Det nye fylkestinget i Vestland fylkeskommune er difor nøydd til å arbeide vidare med ytterlegare og varige innsparingar i drifta.

Prosjektlear legg ut frå dette til grunn eit aukande innsparingskrav i driftsbudsjettet i økonomiplanen, slik ein ser det no. Som utgangspunkt er innsparingsnivået no rekna til å auka med 100 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden. Desse innsparingskrava er førebels ikkje spesifisert på sektorane. Prosjektlear vil i det vidare arbeidet også vurdere nærare utviklinga i avdragsnivå og bruk av fondsmidlar.

Prosjektlear vil likevel understreke at ein ikkje kjem utanom ytterlegare driftsreduksjonar i komande økonomiplanperiode, og vil påpeike at det må startast med sektorvise tiltak for heile planperioden alt no.

Dersom inntektsrammene frå staten ikkje betrar seg framover, vil dette medføre svært krevjande prosessar og vesentlege konsekvensar for det tenestetilbodet Vestland fylkeskommune kan tilby til innbyggjarane. I denne samanhengen må det vurderast om tiltaka i 2020 vil vere tilrådelege å vidareføre, eller om dei må erstattast av meir langsiktige grep. For å kome i mål med dei naudsynte reduksjonane må ein starte prosessane tidleg. Dette er m.a. fordi at på kort sikt er mykje bunde opp i kontraktar, skulestruktur m.m.

Resultatet av dette arbeidet vert vurdert samla av prosjektlear i neste arbeidsdokument. Med denne samla oversikta vil vi ha betre høve til å vurdere ei best mogleg innretting på innsparingane mellom sektorane. Prosjektlear er klar på at, vi i størst mogleg grad, må førebu Vestland fylkesting til å ta dei krevjande avgjerslene for kvar vi skal redusere driftsnivået i åra framover.

#### Tilråding

Fellesnemnda legg til grunn ein samla reduksjon i driftsnivået på 100 mill. kr i 2020 på sektornivå med slik fordeling:

Organisasjon, økonomi og politisk styring	7 mill. kr
Strategi og digitalisering	1 mill. kr
Tannhelse	5 mill. kr
Kultur, idrett og integrering	3 mill. kr
Infrastruktur og veg	6 mill. kr
Mobilitet og kollektiv	41 mill. kr
Innovasjon og næringsutvikling	1 mill. kr
Opplæring og kompetanse	36 mill. kr

Innsparingskravet på sektorane vert auka med 100 mill. kr årleg til samla 200 mill. kr i 2021, 300 mill. kr i 2022 og 400 mill. kr i 2023.

Prosjektlear får i oppdrag å presentere spesifiserte sektorbudsjett på løyvingsnivå for 2020 til neste arbeidsdokument. Vidare skal økonomiplantal for 2021-2023 presenterast. Det skal utarbeidast ei oversikt over tiltak/ innsparingar i 2020, samt konsekvensane av desse.

Fellesnemnda legg til grunn at prosjektlear vurderer kva tiltak/prosessar som skal setjast i gang på sektorane for å kome i mål med innsparingskrava i økonomiplanperioden.

## **6 SALDERING AV BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN**

Prosjektlear har føreslått førebelse reduksjonar i driftsbudsjettet for 2020, tilsvarande 100 mill. kr. Vidare er det føreslått å redusere avdraga i 2020 med 100 mill. kr. Den samla økonomiske salderingsutfordringa er langt større enn dette. Prosjektlear har gått igjennom prognosar og disponeringar av vesentlege fellesinntekter, som til dømes konsesjonskraftinntektene. Praksisen for dei to

fylkeskommunane har vore noko ulik. Prosjektleiar ønskjer å skjerme sektornivået i størst mogleg grad, og ser seg nøydd til å budsjettere inn alt vi har av til dømes konsesjonskraftinntekter, og ikkje halde att noko i høve uvisse for om prognosane slår til. Dette gjer at ein i budsjettet tek all risiko for evt. inntektsvikt - for til dømes konsesjonskraftinntektene – der dette vil få direkte utslag i budsjettet.

Prosjektleiar legg opp til at rekneskapsresultata frå Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommunar i 2018 på samla 77 mill. kr vert nytta i salderinga. Dette må sjåast på som eingongsbeløp og som berre er til hjelp i 2020. Prosjektleiar vil i denne samanhengen minne om at det er føresettt at rekneskapane for dei to fylkeskommunane i 2019 minimum vert gjort opp i balanse. Etter 1. tertial har Hordaland fylkeskommune prognose om negativt budsjettavvik på 60 mill. kr. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er prognosen balanse i rekneskapen.

I det kortsiktige biletet vil prosjektleiar no tilrå at den resterande salderingsutfordringa vert løyst i ein kombinasjon med bruk av fond og reduksjon i avdraga samanlikna med tidlegare opplegg.

Bruk av fond er midlar av eingongs karakter, som i denne samanheng kan forsvarast med at utfordringane innanfor ferje har ein pukkeeffekt, der kostnadane er størst i 2020.

Vidare meiner prosjektleiar at vi er nøydde til å redusere planlagde avdrag i 2020 for å løyse den resterande utfordringa. Dette er ei løysing som prosjektleiar ikkje ønskjer, då det gjer at den samla lånegjelda framover vil auke. Likevel ser ikkje prosjektleiar noko anna utveg for å kome i mål med eit balansert budsjett, enn å redusere avdragsbetalinga.

Desse grepa for å kome i mål i 2020 er ikkje berekraftige på lenger sikt, og det må utover hausten 2019, og i 2020 arbeidast for å finne varige reduksjonstiltak innan drifta i Vestland fylkeskommune. Som nemnt i punkt 8 ser difor prosjektleiar seg nøydd til å auke innsparingane i driftsbudsjettet, då vi ikkje vil kunne halde fram med å saldere dei årlege budsjetta med fondsmidlar, og reduksjon i avdrag.

Prosjektleiar tilrå følgjande saldering av budsjett 2020 og for økonomiplanperioden 2020-2023.

	2020	2021	2022	2023
<b>Utg.pkt: Politiske vedtekne økonomiplanar SFFK og HFK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Vurdering i a.dok 1/19:</b>				
Rullering av økonomiplan				147
Rullering av økonomiplan				350
<b>Ubalanse etter a.dok 1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>497</b>
<b>Vurderingar i a.dok 2/19:</b>				
Reversering av sluttsaldering av økonomiplan 2020-2022	47	68	115	
UB a-dok 2	346	375	390	
<b>Ubalanse etter a.dok 2</b>	<b>393</b>	<b>443</b>	<b>505</b>	<b>497</b>
<b>Vurderingar i a-dok 4/19</b>				
Tidlegare reversert sluttsaldering HFK - lagt til grunn	-346	-375	-390	-350
Innarbeiding i øk plan tidlegare varsla auka utgifter knytt til ferje og buss	375	335	315	315
<b>Samla salderingsutfordring</b>	<b>422</b>	<b>403</b>	<b>430</b>	<b>462</b>
Ny prognose konsesjonskraftinntekter	-40	-30	-25	-25
Ny prognose netto kapitalutgifter (eksl. Avdrag)	-53	-72	-79	-48
<u>Innsparingskrav på sektorane</u>	-100	-200	-300	-400
<u>Sluttsaldering</u>				
Bruk av rekneskapsresultat HFK og SFFK 2018	-77	0	0	0
Bruk av ekstraordinære avdrag (reduksjon budsjett kap utg)	-100	0	0	0
Bruk av fond	-52	-101	-26	11
<b>Sluttsaldering av økonomiplan 2020-23</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

## Tilråding

Fellesnemnda legg prosjektleiar sitt framlegg til saldering til grunn for budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

### **7 NESTE MØTE I FELLESNEMNDA SOM FINANSUTVAL**

Til neste møte i fellesnemnda 18. september 2019 vil prosjektleiar leggje fram budsjettforslag for 2020 for Vestland fylkeskommune og forslag til økonomiplan for perioden 2020-2023. Det er tidlegare avgjort at ein i Vestland fylkeskommune skal handsama økonomiplanen om våren og budsjettet for komande år i desember. Som følgje av at budsjettarbeidet for 2020 vert gjort i samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Hordaland, før Vestland fylkeskommune er etablert, legg prosjektleiarene opp til at også økonomiplanen for perioden 2020-2023 vert handsama av det nye fylkestinget i desember.

Vidare vil prosjektleiar leggje fram eit fullstendig forslag til investeringsbudsjett der ein tek omsyn til finansutvalet sitt vedtak ved handsaming av arbeidsdokument 3/19 i møte 23. mai 2019.